

# ÅRETS DIGITALE SATSING

HEIDERLEG OMTALE  
— 2020/2021 —


## Sunnhordland *For dokumentaren* *«Camilla vil ha baby»*

Sunnhordland sin podkast «Camilla vil ha baby» er ikkje berre utmerkt redaksjonell produktvikling, dei har òg teke for seg eit tema som framleis er tabu, som angår utruleg mange og som er svært underdekt i media elles. Og dei har ikkje berre skrive ei vanleg sak om det, dei har sett av ressursar til å verkeleg gå inn i teamet. Journalist Kristine Brandsdal Barane har følgd hovudpersonen i podkastdokumentaren gjennom eit heilt år, og resultatet talar for seg sjølv. Camilla seier at ho har fått mange positive tilbakemeldingar frå menneske som har opplevd det same og er lukkelege for at nokon no snakkar om det.

Valet om å laga dette til ein podkast viser at Sunnhordland har forstått kva styrke podkasten har. Utføringa spelar på nettopp dette: Her kjem vi nært og tett inn i den dramatiske historia. Dermed klarar dei bragda å få noko som kan verta avskrive som smått og lite, som mange opplever, til å bli noko verdt å snakka om, noko som bør handterast betre av både samfunnet og helseapparatet og som ein ikkje skal skamma seg over. Dette er verkeleg eit prosjekt til inspirasjon på alle måtar.

JURYEN, OSLO, 18. JUNI 2021

  
Simon F. Solheim

  
Jan Magnus Weiberg-Aurdal

  
Hanne Lovik